

## Notat

**Til:** Hovudutval for opplæring  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Nytt til skuleåret 2019-2020

#### Fagfornyinga

##### **Nye læreplanar for grunnskulen og dei gjennomgåande faga i vidaregåande**

- Nye læreplanar for grunnskulen og gjennomgåande fag i vidaregåande blir fastsett i november 2019, og gjeld frå skulestart 2020. Ny overordna del av læreplanverket trer i kraft samtidig som dei nye læreplanane. Alle skular må planlegge og førebu seg på å ta det nye læreplanverket i bruk.

##### **Nye læreplanar for yrkesfag**

- Vg1: høyringa opna 1. juli og avsluttast 1. november 2019.
- Vg2 og vg3: innspelsrunda opna 20. juni og avsluttast 1. september, og offisiell høyring kjem i desember 2019.

##### **Nye læreplanar på studieførebuande**

- Pulje 1: læreplanar i felles programfag skal vere klare til skulestart 2020. Dette er fag elevane vel på Vg1. Innspelsrunda opna 26. august og blir avslutta 27. september, og offisiell høyring kjem i november 2019.
- Pulje 2: læreplanar i felles og valfrie programfag skal vere klare til skulestart 2021. Dette er fag elevane vel på Vg2 og Vg3. Innspelsrunda opnar 1. november og avsluttast 2. desember, og offisiell høyring kjem i september 2020.

##### **Friskular og nye læreplanar**

- Friskular skal ta i bruk nye læreplanar frå hausten 2020, og skular med alternative læreplanar må [søke om ny godkjenning innan fastsette fristar](#).

#### **Høve til å pålegge skulebyte i vidaregåande opplæring**

Det er lovfesta høve til å pålegge skulebyte for elevar i vidaregåande opplæring dersom eleven mobbar medelevar. Dette gjeld både offentlege skular og friskular. Eleven det gjeld har rett til å fortsette på same utdanningsprogram og programområde, og skulebyte kan ikkje påleggast dersom eleven må flytte heimanfrå, eller skuleskyssen blir uforsvarleg lang.

Fylkeskommunen har vedtaksmynde for både offentlege skular og friskular, medan fylkesmannen er klageinstans. Dette er fastsatt i ny [§ 9 A-12](#) i opplæringslova.

#### **Forbod mot å tilsetje personar som er dømt for seksuelle overgrep**

I vidaregåande skular er det lovfesta forbod mot å tilsetje personar som er dømt for seksuelle overgrep mot mindreårige. Dette gjeld offentlege skular og friskular, jamfør opplæringslova § [10-9](#) og friskulelova § [4-3](#). Endringa medfører ikkje konsekvensar for

dei som allereie er tilsett, men vedkommande vil ikkje bli tilsett i ny stilling ved same eller ein annan skole.

### **Fråværgrensa og trafikkopplæring**

Det er vedteke at deler av dei obligatoriske delane i køyreopplæringa til førarkort klasse B vert unnateke frå fråværgrensen. Det er ikkje gjort unntak frå teoretisk og praktisk førarprøve.

### **Nytt eksamensfag**

Det blir eksamen i eit nytt språk, ungarsk, frå våren 2020. [Her er oversikt over alle framandspråk.](#)

### **Karakterforsøket i norsk**

I høyringsutkastet til ny læreplan er det føreslege to karakterar i undervegsvurderinga i norsk. Skular som prøver ut [karakterforsøket](#), får høve til å forlenge dette for 2019/2020. Skulane som deltek i forsøket vel eitt av desse to alternativa:

- éin karakter som omfattar norsk munnleg og skriftleg sidemål og hovudmål
- to karakterar: ein i norsk munnleg, og ein felles karakter i norsk skriftleg som omfattar sidemål og hovudmål

### **Realfagsløyper**

På [realfagsløyper.no](#) er det utarbeidd nye kompetansepakkar om korleis elevane kan arbeide med realfag i skulen.

### **Nytt lærefag**

Brønn- og borefaget på Vg3 blir eit nytt lærefag som gjeld frå hausten 2019. Læreplanen blir publisert så snart han er klar.

### **Elevar med særskilte behov**

Utdanningsdirektoratet har laga ein [vegvisar med ressursar for unge med funksjonsnedsetjing](#).